



NOREGS HØGSTERETT

Den 2. september 2008 sa Høgsterett dom i

HR-2008-01480-A, (sak nr. 2008/533), sivil sak, anke over dom,

Se og Hør Forlaget AS
Odd Johan Nelvik
Anders Johan Stavseng
Morten Krogh

(advokat Halvard Helle – til prøve)

mot

Lars Lillo-Stenberg
Andrine Sæther

(advokat Harald Stabell)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld spørsmål om betaling av oppreising etter skadebotlova § 3-6, jf. straffelova § 390, subsidiært åndsverklova § 55, jf. § 45c, i begge tilfelle samanhalde med Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 8 jf. artikkel 10, etter publisering av artikkel med bilete frå vigsel.
- (2) Andrine Sæther og Lars Lillo-Stenberg gifta seg laurdag 20. august 2005 på Tjøme. Vigselen fann stad på ein holme i sjøen, utanfor Grepan pensjonat der bryllaupsfesten vart halden. Bruda – saman med seks brudejenter – kom til holmen i ein bjørkepynta robåt. Ho vart følgd av faren – som hadde vore med i båten – opp til ein ventande Lars Lillo-Stenberg. På holmen vart bruda også møtt av eit mannskor.
- (3) Se og Hør hadde sendt ein journalist, Anders Johan Stavseng, og ein fotograf, Morten Krogh, for å dekkje vigselen. Det var ikkje spurt om samtykke til å lage reportasje. Dei laga eit oppslag over to sider, som kom i Se og Hør nummer 65 for 2005. Overskrifta, som gjekk over begge sidene, lyder slik:

**”Lars Lillo-Stenberg fikk et rungende ja fra skuespiller Andrine Sæther
GIFTET SEG BARBEINT I FJÆRA.”**

(4) Deretter følger teksten:

”DeLillos-stjernen Lars Lillo-Stenberg fikk virkelig føling i fjæra da Andrine Sæther kom barbeint på svaberget.

Bryllup med smak av honning! DeLillos-vokalist Lars Lillo-Stenberg (43) giftet seg lørdag med skuespiller Andrine Sæther (40).

Kjendisparet hadde invitert familie og venner til seremoni og bryllupsfest på Grepan Pensjonat, ytterst i havgapet på Tjøme.

Den borgerlige vielsen fant sted på en holme ute i sjøen, og både gjester og brudgom måtte hoppe fra stein til stein for å komme tørrskodd over til holmen.

Bruden, brudepikene og Andrines far ankom i en bjørkepyntet robåt som tatt ut fra bildet ’Brudeferden i Hardanger’!

Tårene trillet

Den enkle men verdige seremonien var svært rørende, og flere av gjestene klarte ikke å holde tårene tilbake da et mannskor sang ’Å leva det er å elska’. Selv nysgjerrige hyttenaboer tittet frem da salmen runget ut over holmer og skjær.

Etter seremonien fortsatte bryllupet med storslagen fest i hagen til pensjonatet, der mange av bryllupsgjestene for øvrig hadde satt opp telt! Både kjendisregissør Marius Holst (36) og kjendisforfatter Åsne Seierstad (35) var på plass for å hylle brudeparet.

Tør vi gjette på at maten ble laget av ’Kokken Tor’?

Fikk barn

Lars Lillo-Stenberg har vært frontfigur i deLillos siden 1984. Suksessbandet feirer i år 20-årsjubileum med det nye albumet ’Festen er ikke over...det er kake igjen’.

Andrine Sæter ble for alvor kjent da hun spilte rollen som Cecilie i filmatiseringen av Anne Holts (46) bøker. Der spilte hun Kjersti Elviks (36) kjæreste. I tillegg til et utall teateroppsetninger har Andrine også gjort seg bemerket i norske suksesser som Budbringeren, Hawaii, Oslo – og Cellofan, der hun kastet klærne ...

I fjor fikk Andrine og Lars en sønn. DeLillos-vokalist har tidligere vært gift med Silje Brunstad, og de har to døtre sammen.

Lars Lillo-Stenberg og Andrine Sæther var ikke tilgjengelig for kommentar i helgen, men DeLillos-manager Carsten Jøssund opplyser til Se og Hør at brudeparet ikke ønsker å uttale seg om den hyggelige begivenheten.”

(5) Framsida av bladet hadde mellom andre oppslag eit portrettbilete av Lars Lillo-Stenberg, som ikkje var teke i samband med vigselen, der teksten i tillegg til namnet hans var: ”Bruden var barbeint”.

(6) På sidene inne i bladet var det eit stort bilete som viser Andrine Sæther etter at ho hadde gått i land på holmen og var møtt av Lars Lillo-Stenberg. Også brudejentene og songkoret er med på biletet, men utan at ansikta deira viser. Under biletet er teksten: ”GIFT I

FRILUFT: Andrines far geleidet bruden opp svaberget til en ventende Lars Lillo-Stenberg.” Det var også eit bilete av robåten i lite format slik at ansikta ikkje viser. Teksten til dette var: ”BRUDEFERDEN: Andrine Sæther ankom i båt sammen med seks brudepiker – ikke ulikt brudeferden i Hardanger.” Eit litt større bilete viser brudeparet i det dei går frå stein til stein frå holmen og inn til land. Biletet har følgjande tekst: ”BARBEINT: Andrine giftet seg barbeint, mens Lars hadde knallrøde sko til den lekke kremfargende bryllupsdressen.” Det var vidare eit bilete av gjestane Vetle Lid Larsen og Tonje Steinsland med ein baby, der teksten lyder: ”MED BABY: Vetle Lid Larsen og Tonje Steinsland viste stolt frem sin nyfødte baby til brudeparet.” Oppslaget hadde dessutan to bilete som ikkje var tekne under vigselen. Det eine stod i øvste høgre hjørnet på dei to sidene, og det var eit bilete av dei to, sett inn i eit raudt hjarte. Det andre var eit bilete av Andrine Sæther og av paret sitt barn. Biletet var henta frå ein reportasje Aftenposten hadde hatt frå ein festival ein månads tid tidlegare, der dei to var til stades under ein konsert med Lars Lillo-Stenberg på scenen. I teksten var det elles nytta feil namn på barnet.

(7) Sæther og Lillo-Stenberg reiste sak ved Oslo tingrett mot Se og Hør Forlaget AS, ansvarleg redaktør Odd J. Nelvik, journalist Anders Johan Stavseng og fotograf Morten Krogh med krav om oppreisning for brot på reglane om vern av privatlivets fred og på reglane om retten til eige fotografi. Dei saksøkte, som eg ofte omtalar under eitt som Se og Hør, gjorde gjeldande at det ikkje hadde skjedd noka krenking.

(8) Oslo tingrett sa dom 22. november 2006 med slik domsslutning:

- ”1. Se og Hør Forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Lars Lillo Stenberg med kr 50 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
2. Se og Hør Forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Andrine Sæther med kr 50 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
3. Ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Lars Lillo Stenberg med kr 15 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
4. Ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Andrine Sæther med kr 15 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
5. Journalist Anders Johan Stavseng dømmes til å betale oppreisning til Lars Lillo Stenberg med kr 5 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
6. Journalist Anders Johan Stavseng dømmes til å betale oppreisning til Andrine Sæther med kr 5 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
7. Fotograf Morten Krogh dømmes til å betale oppreisning til Lars Lillo Stenberg med kr 5 000,- - kronerfemtitten – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.

8. **Fotograf Morten Krogh dømmes til å betale oppreisning til Andrine Sæther med kr 5 000,- - kronerfemtusen – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelser med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.**
9. **Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh dømmes in solidum til å betale Lars Lillo Stenberg og Andrine Sæther sakens omkostninger med kr 150 000,- – kronerettthundreogfemtusen – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelser med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.”**
- (9) Dei saksøkte anka alle til Borgarting lagmannsrett, som 13. februar 2008 sa dom med slik domsslutning:
- ”1. **Tingrettens dom stadfestes.**
2. **I saksomkostninger for lagmannsretten betaler Se og Hør Forlag AS, Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh in solidum 120 000 – etthundreogtjuetusen – kroner innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelser med tillegg av den alminnelige forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra utløpet av oppfyllelsesfristen til betaling skjer.”**
- (10) Dommen er anka vidare til Høgsterett av dei saksøkte. Saka står i same stilling for Høgsterett som for dei tidlegare rettane.
- (11) Ankepartane, *Se og Hør Forlaget AS, Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh*, har i hovudsak halde fram:
- (12) Sjølvse visgelsen er ei offentleg handling, som mellom anna skal skaffe notoritet. Det må vere opplysningar med ein viss grad av sensitivitet for at publisering skal vere ei krenking. Opplysninga om visgelsen kan vanskeleg sjåast å ha krenkt privatlivets fred, som er eit vilkår for oppreisning etter skadebotlova § 3-6. Så lenge det er situasjonen, kan heller ikkje nokså generell omtale av klededrakt med vidare endre på dette, særleg når visgelsen skjedde i friluft på ein stad som fullt ut er tilgjengeleg for ålmenta. Det endrar ikkje dette at det vart brukt telelinse; val av reportasjeteknikk må vere opp til mediet sjølv. Om Se og Hør ikkje hadde brukt telelinse, kunne det dessutan ha forstyrra visgelsen.
- (13) Det var i dette tilfellet ikkje noko verken i tekst eller bilete som er krenkjande eller i det heile negativt. Oppslaget inneheld ikkje sladder, og det var heller ikkje eit uttrykk for forfølgning av dei to bruddefolka.
- (14) Så lenge det ikkje er privatsensitive opplysningar, kan samtykke til publisering ikkje vere nødvendig. Og under alle omstende ringde journalisten til Lillo-Stenberg sin manager, som ikkje hadde innvendingar. Reservasjonane kom først seinare same ettermiddagen, lenge etter at bladet hadde gått i trykken. Det var under alle omstende for seint.
- (15) Om det skulle vere tale om opplysningar som krenkte privatlivets fred, må det i tillegg skje ei brei avveging av om oppslaget var rettsstridig, jf. Høgsteretts vurderingar i Big Brothers-saka i Rt. 2007 side 687. Sæther og Lillo-Stenberg er offentleg kjende personar i kraft av sine yrke som skodespelar og musikar. Det har ei klar og aktuell interesse når to personar med framtrekkande plass i norsk kulturliv gifter seg.

- (16) Det var også tale om ein vigsel på allment tilgjengeleg område. Det var ikkje utilbørleg når det såleis vart rapportert balansert og sannferdig om ei hending som kunne observerast på eit område som er opent for fri ferdsel. Om det var slik at brudeparet ønskte ein heilt privat vigsel, kunne dei halde vigselen innandørs eller på eit område som elles var skjerma for ålmenta.
- (17) At Lillo-Stenberg tidlegare hadde eksponert seg i media med omsyn til private omstende, må også ha ei viss vekt, jf. avsnitt 79 i Big Brotherdommen. I denne dommen var det elles tale om fleire oppslag, som gjekk vesentleg lenger med omsyn til å omtale private omstende enn i saka no. Høgsterett uttala seg også sterkt kritisk til handlemåten, særleg på enkelte punkt. Tilsvarande gjaldt dommen frå Den europeiske menneskerettsdomstolen, EMD, i dom av 24. juni 2004 i saka von Hannover mot Tyskland. Det var der tale om eit stort tal fotografi, samtidig som fotografane hadde invadert privatlivet til von Hannover. Såleis var ikkje berre publiseringa meir omfattande og nærgåande enn i vår sak, men pressa sin handlemåte hadde også karakter av trakassering. Premissane i så vel Big Brotherdommen som von Hannoverdommen må lesast i lys av dei konkrete situasjonane, som skil seg grunnleggjande frå dei i vår sak.
- (18) Teksten er ikkje krenkjande. Journalist Stavseng var berre ansvarleg for denne, og Stavseng kan då ikkje dømmast på grunnlag av fotografa.
- (19) Retten til eige bilete, jf. åndsverklova § 45c, er ikkje krenkt. Det var tale om ei hending av allmenn interesse, og avveginga kan då ikkje skje annleis enn etter reglane om privatlivets fred. – Det må vurderast kven som er ansvarleg etter åndsverklova § 55, og det synest då berre vere ansvarleg redaktør som kan gjerast ansvarleg.
- (20) Se og Hør Forlaget AS, Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh har sett fram slik påstand:
- ”1. Se og Hør Forlaget AS frifinnes.
 2. Odd Johan Nelvik frifinnes.
 3. Anders Johan Stavseng frifinnes.
 4. Morten Krogh frifinnes.
 5. Se og Hør Forlaget AS, Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh tilkjennes fulle saksomkostninger for tingrett, lagmannsrett og Høyesterett, med tillegg av lovens rente fra forfall til betaling skjer.”
- (21) Ankemotpartane, *Andrine Sæther og Lars Lillo-Stenberg*, har i hovudsak gjort gjeldande:
- (22) Vilkåra for å påleggje ansvar etter skadebotlova § 3-6 er at det er handla i strid med straffelova § 390 eller EMK artikkel 8. Høgsterett har i Big Brotherdommen lagt til grunn ei for snever forståing av kva som er verna etter EMK artikkel 8. Det kan ikkje vere nødvendig at tilhøvet blir ramma av straffelova § 390 for å gi vern.
- (23) Det kan ikkje vere tvilsamt at artikkelen inneheld personlege opplysningar og såleis representerer inngrep i privatlivets fred. Det kan visast mellom anna til Big Brotherdommen avsnitt 61.
- (24) Etter von Hannoverdommen kan det ikkje stillast opp noko sensitivitetskrav. Ei for snever fortolkning av straffelova § 390 på dette punktet vil gjere at norsk rett blir i strid med EMK, slik denne er tolka av EMD. Under alle omstende er det tale om ein artikkel som

ikkje ligg i det nedre sjiktet av bruk av personlege omstende, slik at eit eventuelt unntak for mindre sensitive opplysningar ikkje kan gjerast gjeldande.

- (25) Når det først er tale om eit brot på handlenorma anten det er etter straffelova § 390 eller det er etter EMK artikkel 8, er det tale om ei krenking med mindre det er gitt samtykke. Noko slikt samtykke var ikkje gitt i saka her.
- (26) Det blir då tale om ei rettsstridsvurdering, der det først må skje ei tolking og vurdering av innhaldet i reportasjen, før det skjer ei prøving etter rettsstridsreglane. Ved denne prøvinga er det fleire omstende som må trekkjast inn.
- (27) Vel er Sæther og Lillo-Stenberg kjende kulturpersonar, men det hindrar ikkje at dei har krav på eit vern. Dei hadde heller ikkje stilt opp med private opplysningar tidlegare på ein måte som tilseier at publisering kan godtakast lettare enn elles. Innslaget hadde dessutan ikkje allmenn interesse, og det gav slettes ikkje noko tilskot til samfunnsdebatten. Etter von Hannoverdommen, jf. også Big Brotherdommen, er dette svært viktige moment ved rettsstridsvurderinga.
- (28) Det kan ikkje ha noko vekt at bileta og teksten gjaldt handlingar som fann stad på eit offentleg tilgjengeleg område. Dei fleste bileta i von Hannoversaka gjaldt nettopp dette. Kjende personar har ikkje minst behov for eit rettsleg vern på slike stader.
- (29) Om det var sanne eller usanne opplysningar kan ikkje spele inn. Som påpeika i Big Brotherdommen er det ved sanne opplysningar at vernet etter straffelova § 390 har sitt sentrale verkeområde. Tilsvarande kan det heller ikkje vere avgjerande om det var positiv eller negativ omtale, sjølv om vurderinga kan bli noko ulik.
- (30) Dei subjektive vilkåra for oppreising etter skadebotlova § 3-6 er oppfylte.
- (31) Subsidiært blir det gjort gjeldande at bruken av fotografia blir ramma av åndsverklova § 55, jf. § 45c. Bileta har ikkje allmenn interesse. Det er heller ingen andre grunnar til at publiseringa kan forsvarast. Dei subjektive vilkåra for ansvar er oppfylte.
- (32) Andrine Sæther og Lars Lillo-Stenberg har sett fram slik påstand:
- ”1. Anken forkastes.
2. Se og Hør Forlaget AS, ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh dømmes til in solidum å betale sakskostnader for Høyesterett.”
- (33) *Eg er komen til at anken fører fram.*
- (34) Høyesterett har i seinare tid behandla rettsspørsmåla kring krenking av privatlivets fred i dommane i Rt. 2007 side 687 (Big Brother) og i Rt. 2008 side 489 (Plata). Eg tek utgangspunkt i desse to dommane. Som det går fram av dei, må skadebotlova § 3-6 om oppreising ved krenking av privatlivets fred sjåast i samanheng med straffelova § 390. Regelen i skadebotlova § 3-6 tek i alle fall i første rekkje sikte på brot på straffelova § 390. Om det – slik Sæther og Lillo-Stenberg har gjort gjeldande – er eit område som i utgangspunktet er omfatta av EMK artikkel 8 nr. 1, men som ikkje gjeld ”privatlivets fred” etter straffelova § 390, treng eg ikkje ta stilling til slik eg elles ser på saka. Eg går då heller ikkje inn på om dette er ein diskusjon om terminologi eller om realitet.

- (35) Eg har alt omtala innhaldet i reportasjen. Det kan ikkje vere tvilsamt at det var tale om opplysningar – som eg nyttar som fellesomgrep for teksten og bileta – som samla sett vedrører privatlivets fred. Det er ikkje grunn for meg til å vurdere einskildelement ut frå om dei går inn på grensene for privatlivets fred eller ikkje. Oppslaget vurdert under eitt inneheld opplysningar om ektefellane og også om barnet deira, ved sida av at det var teke i tilknytning til vigsel. Dei fortrulege relasjonane innan familien og til venner er klart av personleg karakter.
- (36) Spørsmålet er så om det ligg føre ei *krenking* av privatlivets fred, jf. straffelova § 390. Dersom det er gitt eit samtykke til publiseringa, ligg det ikkje føre ei krenking, jf. Big Brotherdommen avsnitt 62. Det er på det rene at det ikkje vart orientert om eller spurt om løyve til reportasjen på førehand. Derimot tok journalist Stavseng kontakt med manageren til Lillo-Stenberg på måndag, rett før trykking. Manageren opplyste at brudeparet ikkje ønskte å uttale seg om bryllaupet. Litt seinare på dagen vart det teke kontakt med Se og Hør med beskjed om at ektefellane ikkje godtok publisering, men det vart då gitt til svar at bladet alt var under trykking. Det må etter dette leggjast til grunn at ektefellane ikkje gav samtykke til trykking. – Eg legg til at eg heller ikkje kan sjå det er noko ved artikkelen som kan oppfattast slik at Sæther og Lillo-Stenberg hadde late Se og Hør få høve til å lage reportasjen mot betaling. Tvert om blir artikkelen avslutta med at dei to ikkje har vilja uttale seg.
- (37) Det er då spørsmål om artikkelen var rettsstridig. Om så var tilfelle, må avgjerast ut frå ei heilskapsvurdering av artikkelen, jf. Big Brotherdommen avsnitt 64 med vidare tilvisingar. Eg viser også til Big Brotherdommen når det gjeld rettsstridsvurderinga, og siterer – på same måte som det er gjort i Platadommen – avsnitta 57 og 58:

”(57)

Når straffebodet rettar seg mot å *krenkje* privatlivets fred, ligg det også i dette at det må vere tale om rettsstrid. Kravet til rettsstrid inneber at det må skje ei totalvurdering av formidlinga i lys av kontekst og situasjon, der omsynet til personvernet samtidig blir avvege mot ytringsfridommen, jf. Bratholm og Matningsdal, Straffeloven med kommentarer, tredje del, 1998, side 222, med vidare tilvisingar.

(58)

Gjennom menneskerettslova er EMK gjort til intern norsk rett. I saka no er både artikkel 8 om respekt for privatlivet og artikkel 10 om ytringsfridommen sentrale. Det er her tale om tilsvarande avvegingar som dei som må gjerast etter skadebotlova § 3-6 første ledd og straffelova § 390, og det må i denne situasjonen vere rett å tolke desse føresegnene slik at innhaldet blir i samsvar med EMK artikkelane 8 og 10.”

- (38) I Big Brotherdommen avsnitt 72 er det også vist til EMDs oppsummering i von Hannoverdommen:

”(72)

Konklusjonen må sjølvsagt lesast i samheng med det som elles er sagt i dommen. Temaet er heile tida balanseringa mellom vern av privatlivet og vern av ytringsfridommen. Det heilt sentrale når det gjeld vern av privatlivet er då om oppslaget gir eit tilskot til ein debatt av allmenn interesse. Sagt på ein annan måte er det innanfor samfunnsdebatten at vernet etter EMK artikkel 10 har si særskilde slagkraft. Når det gjeld publisering om personlege forhold og då ikkje minst slikt som gjeld heilt private relasjonar mellom to personar som ikkje har posisjonar i politikk eller samfunnsliv, er ein klart utanfor det området som reglane om ytringsfridom siktar på å regulere.”

- (39) Både Sæther og Lillo-Stenberg er kjende personar, men ingen av dei har hatt samfunnsfunksjonar, verken i det offentlege styringsverket eller i samfunnslivet elles. Artikkel 10 har såleis ikkje si særlege tyngde i å verne for den aktuelle reportasjen, som hadde eit klart preg av rein underholdning. Det inneber at det som no skal gjerast er ei rettsstridsvurdering der det i hovudsak er vernet etter EMK artikkel 8 som kjem inn.
- (40) Eg går over til å sjå på dei nærare omstenda i vår sak i høve til rettsstridsspørsmålet. Som før nemnt må reportasjen samla vurdert seiast å gjelde privatlivet, og det er då spørsmål om det likevel er grunnar til at reportasjen ikkje krenkjer privatlivets fred. Ein vigsel er ei svært personleg handling. Men samtidig har han også ei offentleg side. Vigselen skal på ein notorisk måte gi uttrykk for at to personar ønskjer å leve saman, og han har rettsverknader på mange ulike samfunnsområde. Opplysning om ein vigsel isolert sett kan derfor ikkje innebere ei krenking av privatlivets fred når opplysninga er gitt ei nøytral form og på eit sikkert grunnlag, jf. Big Brotherdommen avsnitt 80.
- (41) EMDs dom i von Hannoversaka og deretter Høgsteretts dom i Big Brothersaka har premissar som kan synest å gå langt i å gi vern mot bruk av bilete og tekst som gjeld privatlivet. Det er då nødvendig å sjå litt på kva som var det faktiske grunnlaget for dommane. Det går fram av von Hannoverdommen premiss 49 at saka for EMD gjaldt ei rad fotografi av klagaren. I vurderinga av den konkrete rettsbruken heiter det i premiss 68 og 69:

” 68. The Court finds another point to be of importance: even though, strictly speaking, the present application concerns only the publication of the photos and articles by various German magazines, the context in which these photos were taken – without the applicant’s knowledge or consent –and the harassment endured by many public figures in their daily lives cannot be fully disregarded (see paragraph 59 above).

In the present case this point is illustrated in particularly striking fashion by the photos taken of the applicant at the Monte Carlo Beach Club tripping over an obstacle and falling down (...). It appears that these photos were taken secretly at a distance of several hundred metres, probably from a neighbouring house, whereas journalists’ and photographers’ access to the club was strictly regulated (...).

69. The Court reiterates the fundamental importance of protecting private life from the point of view of the development of every human being’s personality. That protection – as stated above – extends beyond the private family circle and also includes a social dimension. The Court considers that anyone, even if they are known to the general public, must be able to enjoy a “legitimate expectation” of protection of and respect for their private life (...).

- (42) I premiss 59 heiter det mellom anna:

” ... Furthermore, photos appearing in the tabloid press are often taken in a climate of continual harassment which induces in the person concerned a very strong sense of intrusion into their private life or even of persecution.”

- (43) Dette var såleis slik dei publiserte fotografia, saman med den stadige pågangen med fotografering – ofte av fotografar som følgde etter henne, representerte ei trakassering av klagaren, og også ei invadering av privatlivet. Situasjonen var til ein viss grad tilsvarende i Big Brothersaka. Se og Hør hadde fleire reportasjar, med bilete av ulikt opphav og med spekulasjonar og sladder. Bladet gjekk også inn på forholdet mellom partane i den tida dei var saman, noko som var ei invadering av det private samlivet.

- (44) Vernet av privatlivet er ikkje svakare for personar som er kjende frå kulturlivet enn det er for andre, sjølv om det i tilknytning til yrkesutøvinga finst bilete av desse både i blad og tidsskrift og også lagra på Internettet. Det kan nok seiast at for slike personar er det kanskje enno viktigare enn elles å sikre vern av personlege opplevingar og av personlege relasjonar.
- (45) Ein vigsel er ei heilt sentral personleg oppleving for brudefolka, og som ein del av dette kjem forholdet til slekt, venner og andre nærstående. Sjølv vigselseremonien og også den tilknytte markeringa gjennom bryllaupsfesten er derfor klart ein del av privatliv og familieliv, som i utgangspunktet må ha vern. Dette kan etter mitt syn likevel ikkje vere meir enn eit utgangspunkt.
- (46) Som før omtala, vil ein nøytral omtale av inngåing av ekteskap ikkje kunne vere rettsstridig.
- (47) Verken tekst eller bilete i det omtvista oppslaget inneheld noko som kan framstå som belastande for ektefellane. Artikkelen inneheld ingen kritikk, og det er heller ikkje elles noko ved innhaldet som kan vere eigna til å svekke omdømet til dei to.
- (48) Og sjølv om relasjonane til nærstående må vere ein del av privatlivet, har eg vanskeleg for å sjå at det inneber ei krenking i den aktuelle samanhengen når det er nemnt eit par namn på deltakarar. Det kan heller ikkje vere meir enn nokså alminneleg når det i teksten er sagt at seremonien var ”rørende, og flere av gjestene klarte ikke å holde tårene tilbake da et mannskor sang ...”.
- (49) Oppslaget inneheldt ikkje bilete frå sjølv vigselshandlinga. Det er ut frå dette ikkje grunn for meg til å ta stilling til om slike bilete, eventuelt som nærbilete, vil kunne stå i ei anna stilling enn dei aktuelle bileta. Etter omstenda vil dette kunne vere bilete som er klart meir personlege enn dei som viser at brudeparet kjem til eller går frå vigselstaden.
- (50) Eg ser så nærare på måten vigselen skjedde på. Bruda vart rodd fram til holmen, med seks brudejenter om bord. Og på holmen vart ho, i tillegg til av den komande ektemannen, motteken av eit mannskor, som song ein salme. Brud og brudgom gjekk etter vigselen på steinar frå holmen til land; ho berrføtt. Som påpeika i von Hannoverdommen premiss 50 er vernet om privatlivet omfattande, og mellom anna er det ”a zone of interaction of a person with others, even in a public context, which may fall within the scope of ”private life” ”. Det må likevel ha ei viss vekt at det var tale om ein vigsel med eit ekstraordinært opplegg, som dessutan skjedde på eit område der det etter friluftsløva er allment tilgjenge og som også ligg ope til for innsyn. Bileta viser som nemnt heller ikkje den mest personlege delen av vigselshandlinga, nemleg det som skjedd under sjølv seremonien.
- (51) Fotograferinga gjaldt som nemnt ein vigsel på eit allment tilgjengeleg område. Generelt sett må det reknast med at det også i august er mange folk på Tjøme, som er ein av dei mest populære stadane for hytte- og friluftsliv i Noreg. I tillegg kjem at det vart nytta verkemiddel, som å ro brud og brudejenter i open båt og å ha song frå ein holme av eit mannskor, som direkte påkalla merksemd frå utanforstående. I seg sjølv gav dessutan verkemiddele vigselen eit spektakulært preg. Sjølv om alle, også kjende personar, har eit vern mot fotografering også på offentleg stad, kan eg ikkje sjå annleis enn at dette må omsyntakast ved rettsstridsvurderinga.

- (52) Bileta vart tekne frå ein odde 200–250 meter frå holmen der vigselfen skjedd, og det vart nytta 300–400 millimeter telelinse. For brudeparet hadde det likevel ikkje vore noko betre om fotograferinga hadde skjedd på kortare hald, og då eventuelt ein stad der fotograf og journalist kunne observerast av brudefølget. I så fall kunne heile vigselfen vorte uroa. Fotograferinga hadde heller ikkje karakteren av tillitsbrot, slik det til dømes hadde vore dersom nokon av deltakarane hadde publisert private bilete tekne under eller i tilknytning til vigselfen. Det kunne også ha stilt seg annleis om det hadde vore fotografert mot eit lukka område, der fotoobjekta hadde grunn til å tru at dei var skjerma, jf. von Hannoverdommen premiss 68 andre avsnitt.
- (53) Oppslaget inneheld eit bilete av Sæther med paret sitt mindreårige barn. Under prosedyren har det vore fokusert på bileta som knyter seg til vigselfen, og det har ikkje vore gjort gjeldande at bruken av biletet av det mindreårige barnet set saka i ei anna stilling enn elles. Biletet hadde tidlegare vore publisert i Aftenposten, og det er ikkje sagt noko om at det då mangla samtykke. Etter dette går eg ikkje inn på dei særlege spørsmåla som kan reisas der bilete av ein mindreårig er nytta utan nødvendig samtykke frå foreldra.
- (54) Det må såleis leggjast til grunn at reportasjen ikkje innebar ei rettsstridig krenking av privatlivets fred.
- (55) Sæther og Lillo-Stenberg har subsidiært gjort gjeldande at bileta er nytta i strid med reglane i åndsverklova § 45c om retten til eige fotografi. Etter mitt syn må også desse reglane lesast med ein rettsstridsreservasjon og på bakgrunn av EMK artikkel 8 og artikkel 10. Løysinga må då bli den same som etter den prinsipale synsmåten.
- (56) Anken har såleis ført fram. Saka har likevel reist vanskelege og tvilsame rettslege spørsmål, som det er ei allmenn interesse i å få avklara, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd bokstav a. Sakskostnader bør derfor ikkje tilkjennast for nokon rett.
- (57) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Se og Hør Forlaget AS, ansvarleg redaktør Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh blir frifunne.
 2. Sakskostnader blir ikkje tilkjende for nokon instans.
- (58) Dommer **Tønder**: Jeg er i det vesentlige enig med førstvoterende i hans generelle forståelse av skadeserstatningsloven § 3-6 og straffeloven § 390. Jeg er imidlertid kommet til et annet resultat når det gjelder den konkrete avveiningen mellom hensynet til personvernet og ytringsfriheten, idet jeg mener de ankende parter i dette tilfellet har krenket det vern om privatlivet som følger av straffeloven § 390.
- (59) Jeg ser først på om det som skildres i Se og Hørs artikkel er å betrakte som et ”personlig forhold”, slik dette begrepet er brukt i straffeloven § 390.

- (60) Jeg er enig med førstvoterende i at en offentlig meddelelse om at det er inngått ekteskap mellom to navngitte personer, må kunne gis uten hinder av straffeloven § 390. Det er imidlertid ikke en slik meddelelse denne saken gjelder. Artikkelen i Se og Hør gir en detaljert skildring i ord og bilder også av deler av arrangementet omkring selve vielsesseremonien.
- (61) Det har nok fra gammelt av vært en viss alminnelig interesse for brylluper i den forstand at det var noe folk i brudeparets nærmeste omgivelser var opptatt av og gjerne tok del i. På samme måte har det vært vanlig at brudeparet også har ønsket å dele begivenheten med andre. På denne bakgrunn kan det som utgangspunkt neppe være noe til hinder for at pressen skildrer en bryllupsseremoni som finner sted i full offentlighet, og der det ikke er gjort særlige anstrengelser for å markere at arrangementet er privat.
- (62) I dag er det imidlertid ikke uvanlig at vielsen og rammene omkring denne er noe parets bare ønsker å dele med sine nærmeste, gjerne ved samtidig å sette sitt personlige preg på det som skal skje. En forutsetning vil i så fall være at de også har adgang til å skjerme seg mot offentlighet, også i form av begrensning i medias adgang til å formidle begivenheten. Et slikt ønske om å "privatisere" bryllupsseremonien må etter min mening respekteres, i den forstand at vielsesseremonien må bli å regne som et "personlig forhold" i henhold til straffeloven § 390.
- (63) En privat vielsesseremoni kan foregå på ulike måter. En vielse som for eksempel finner sted i et privat hjem, gir en klar ytre markering av et personlig forhold som det ikke kan være adgang til å gi en skildring av, slik Se og Hør har gitt i denne saken, uten på forhånd å ha innhentet parets samtykke.
- (64) Etter min mening peker alle relevante omstendigheter i retning av at vi i vår sak har å gjøre med en slik privat vielsesseremoni. Bryllupsfesten fant sted i et gjestehus på Tjøme, som i denne sammenheng klart må betraktes som et privat område. Holmen som var åstedet for Se og Hørs reportasje, og der selve vielsen skulle foregå, ligger i direkte tilknytning til gjestehusets uteareal, og i relativt kort gangavstand fra dette. At holmen som utgangspunkt vil være undergitt fri ferdsel ut fra frilufslovens bestemmelser, forhindrer etter min mening ikke at også denne del av arrangementet klart hadde preg av en privat vielsesseremoni. Det følger av von Hannoverdommen at vernet om privatlivet også gjelder på steder som er offentlig tilgjengelig. Samtykke til bruk av holmen var for øvrig innhentet fra grunneieren. Samlet sett framstår således de ytre rammer som en markering av at bryllupet var noe parets ønsket å holde for seg selv og sine gjester, og slik sett må det betraktes som et "personlig forhold" slik dette begrepet er å forstå i straffeloven § 390.
- (65) På denne bakgrunn er det etter min mening gitt en rekke meddelelser om personlige forhold både i tekst og bilder gjennom Se og Hørs reportasje. Det gjelder for det første beskrivelsen av detaljer vedrørende rammene omkring seremonien, og som er nærmere beskrevet av førstvoterende. Jeg ser dette som det personlige preget brudeparet har ønsket å gi bryllupet, og som etter min mening bidrar til å forsterke arrangementets private karakter. Dernest gjelder det beskrivelsen av gjestene og parets nærmeste familie, der flere kjente navn er oppgitt. I denne forbindelse er det også nevnt gjester som har barn med seg og gjengitt bilde av barn og foreldre.

- (66) Som førstvoterende finner også jeg det klart at det ikke forelå samtykke fra ankemotpartene.
- (67) Spørsmålet blir så om offentliggjøringen ut fra en rettsstridsvurdering likevel må stå seg til tross for at det her er gitt meddelelser av personlige forhold. Av Rt. 2007 side 687 avsnitt 72 følger at det sentrale momentet i avveiningen vil være ”om oppslaget gir eit tilskot til ein debatt av allmenn interesse. Sagt på annan måte er det innanfor samfunnsdebatten at vernet etter EMK artikkel 10 har si særskilde slagkraft”. Jeg er enig med førstvoterende i at denne formuleringen ikke kan forstås slik at det ikke kan utelukkes at det også utenom det som tjener samfunnsdebatten vil kunne forsvares å offentliggjøre personlige forhold. Men når forhold av en slik personlig karakter som det vi her har med å gjøre, meddeles offentligheten, må det i det minste foreligge et minimum av allmenn interesse for at et slikt inngrep i privatlivet skal kunne forsvares. I dette tilfellet dreier det seg om en såkalt kjendisreportasje hvis eneste hensikt er å underholde leserne. Et ønske om å underholde er i seg selv et aktverdig formål, men ikke et formål av en slik art at det er egnet til å fortrenge de berørtes ønske om å verne om privatlivets fred. Jeg legger i denne forbindelse særlig vekt på at inngåelse av ekteskap vil være en skjellsettende hendelse i et menneskes liv, og at den handlingen som markerer dette – vielseshandlingen og bryllupsfesten – derfor for de fleste vil stå som en av livets store begivenheter, som det ofte knyttes sterke følelser til.
- (68) At ankemotpartene er kjente personer innen norsk kulturliv, kan ikke ha betydning for vurderingen. Også kjente personer må ha krav på respekt for personlige forhold av den art vi her har med å gjøre. Jeg finner støtte for dette både i Rt. 2007 side 687, jf. avsnitt 74, og i von Hannoverdommen, jf. avsnitt 67.
- (69) Uten at det har hatt avgjørende betydning for min vurdering av saken, finner jeg grunn til også å knytte noen bemerkninger til Se og Hørs bruk av telelinse. Ved denne bruken har journalisten og fotografen vært i stand til å ta detaljerte bilder av brudeparet og dets gjester som om de skulle være til stede der begivenheten skjedde, samtidig som de har kunnet holde seg skjult for de som ble observert. At denne teknikken har vært benyttet, er det grunn til å tro skyldes at journalist og fotograf har vært på det rene med at deres tilstedeværelse på holmen ville ha forårsaket reaksjoner fra brudeparet, og med det mulige utfallet at vielsesseremonien hadde måttet finne sted inne på gjestehuset. Når bruken av telelinse har sin bakgrunn i arrangementets personlige og private karakter, får dette preg av skjult kamera, noe som også taler i de ankende parterers disfavør.
- (70) Jeg er etter dette kommet til at Se og Hørs reportasje ikke kan forsvares ut fra en rettsstridsvurdering, og at ankemotpartene har krav på oppreisning fra de ankende parter. Når det gjelder oppreisningens størrelse, er det fra ankemotpartene nedlagt påstand om at lagmannsrettens utmåling skal opprettholdes. Jeg har ingen innvendinger mot de utmålte beløp. Siden jeg vet at jeg er i mindretall, formulerer jeg ingen domskonklusjon.

- (71) Dommer **Endresen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med annenvoterende, dommer Tønder.
- (72) Dommer **Bårdsen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.
- (73) Justitiarius **Schei:** Likeså.
- (74) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Se og Hør Forlaget AS, ansvarleg redaktør Odd Johan Nelvik, Anders Johan Stavseng og Morten Krogh blir frifunne.
2. Sakskostnader blir ikkje tilkjende for nokon instans.

Rett utskrift: